



# BULYST VED NASJONALPARK

Jostedalsbreen Nasjonalparksenter

Rapport 2013-2015

## **Bulyst ved nasjonalpark**

### **Mål med prosjektet:**

Jostedalsbreen Nasjonalparksenter i Stryn har gjennom dette bulystprosjektet skapt auka bulyst gjennom å skape næringsutvikling og kompetansesarbeidsplassar knytt til bruk av naturen i ei bygd med nasjonalpark for framtida.

Det er ikkje gjort endringar i prosjektet utover søknad og tilskotsbrev, kun interne små justeringar i høve budsjettpostane som er naturlege.

Representantar for prosjektet har delteke på dei fleste fylkeskommunale samlingar der det geografisk var mogleg å delta for erfaringsoverføring og læring.

Vestlandsk Vidsyn 2013 Ålesund 2 dagar 2 personar

Fjordane frå bre til hav 3 dagar 2 personar

Samling nasjonalparkane Luster oktober tre dagar 1 person

Møte Skei Bulyst november 2013- 1 person

Møte Skei Bulyst 1-2 april 2014

Med fleire

### **Bulystprosjektet har auka attraktiviteten til nasjonalparkområdet**

Prosjektet har lagt vekt på å styrke attraktiviteten til området rundt nasjonalparken med blant anna auka marknadsføring, utvikling av heilårsarbeidsplassar og betre forankring av nasjonalparken og verdien av dette i lokalsamfunnet.

### **Samlingar i bygda og gruppearbeid**

Bulystprosjektet har invitert til gratis samlingar på nasjonalparksenteret med blant anna bygdesamlingar med nesten heile den vaksne og unge befolkning til stades ( 130 deltakarar frå bygda totalt av ca 200 totalt der alle innbyggjarar er talt opp) der det etter presentasjon og plenum vart inndelt i gruppearbeid for desse områda:

- Turleiar og utvikling av guiding i naturen
- Reiseliv med overnatting og lokalmat
- Kvinnegruppe
- Ungdomsgruppe
- Eldregruppe
- Barnehagegruppe
- Grunneigargruppe

### **Eldregrupper**

Det var egne samlingar med eldregrupper i bygda der vi diskuterte framtida for bygda og framtidige arbeidsplassar for å gje dei eldre i bygda håp om ei framtid for den unge generasjonen i bygda i ei tid der gardar blir lagt i samdrift og arbeidsplassar i landbruket blir redusert.

### **Barnegrupper**

Barnehage og skule var på separate samlingar på nasjonalparksenteret der temaet var tidlegare næring i bygda gjennom patentførar over breen som tente pengar i naturen på guiding i naturen allereie på 1800-talet og som er slektningar av borna i bygda. Problemstillingar vi diskuterte med borna var blant anna korleis dei kan utdanne seg innan naturfaglege emne og arbeide i naturen som alternativ til å til dømes bli frisør i sentrum ( eksempel). Vi studerte diplomar, førarbevis og utstyr frå forfedrene. Deretter hadde vi enkle friluftaktivitetar med borna.

### **Ungdomsgruppe**

Primært arbeid å finne alternativ utdanning for attraktive arbeidsplassar i naturen. Mange i denne gruppa deltok i turleiarkursa.

### **Grunneigargruppe**

Grunneigargruppa hadde samlingar og diskusjonar om kvar ein kunne tilrettelegge rasteplassar med gapahukar, forbetring av stiar og bruer og diverse tilrettelegging for interpretasjon.

### **Kvinnegruppe**

Kvinnegruppa vart danna for at kvinner si røyst skal bli høyrte og alle både kvinner og menn som ikkje høyrde til i ei bestemt gruppe vart med i denne gruppa

### **Reiseliv**

Reiselivsgruppa føreslo presentasjonar av overnattingsbedrifter, aktivitetsbedrifter og lokalmat samt attraksjonar. Dette resulterte i ein eigen manual for overnatting i nasjonalparkbygda.

### **Turleiargruppa**

Turleiargruppa samla store deler av unge og vaksne i bygda og til saman vart 39 turleiarar kvalifiserte i ulike kurs som turguidar der kursa var frå 3 til 6 dagar :

- kvalifiserande guidekurs sommarstid i samarbeid med den norske Turistforening
- vinterkurs i høgfjellet med snøhole, iglo, bivuak, overleving mm ved Norske Tindeveiledere
- kurs i kanoguiding med redning
- Førstehjelpskurs
- Interpretasjonskurs, formidling av landskapsutvikling, kultur, historie, spor i landskapet
- Sikkerheitskurs med vurdering av skredfare, gps, kart og kompass, værvurderingar mm

Lokale samlingar og deltaking i kurs og grupper gjer at forankringa til lokalbefolkning til nasjonalparken blir betre.

### **Utvikling av formidlingshefte**

Det vart gjort ein omfattande studie av all forskingslitteratur som ligg til grunn for vern av nasjonalparken både geologi, fauna, flora kulturhistorie, mm.

Det vart utvikla fem ulike enkle populariserte formidlingshefte på engelsk og norsk som hjelper turguidane i arbeidet og gjer at dei kan forklare og gjere naturen meir tilgjengeleg og interessert. I utgangspunktet er alle fagrapportar for vern tungt forskingsmateriale og det var mykje arbeid for å lage populære utgåver av desse. Hefta er gitt gratis til alle kvalifiserte turleiingar i bygda.

### **Bulystprosjektet har auka kompetansen for næring i nasjonalparken og randsoner**

Bulystprosjektet har lagt vekt på å auka kompetansen om moglegheiter for utvikling av næring knytt til nasjonalparken.

### **Ulike kurs i turleiing og sikkerheit, førstehjelp, språkkurs, marknadsføring, vertskap, interpretasjon/ formidling:**

Prosjektet har gjennomført tre turleiarkurs med heving av standard i sikkerheit som har vore gratis for deltakarane i bulystområdet, til saman 39 deltakarar har delteke på turleiarkurs i sommarturleiarkurs over tre dagar, interpretasjon og engelskkurs inkludert vertskapskurs med lokalkunnskap, kurs i padling og redning frå kano og vinterturleiarkurs. Kurs har vore i samarbeid med blant anna den norske Turistforening, Røde kors og Norske Tindeveiledere med innleigde profesjonelle instruktørar som gir kvalifiserande kurs.

Engelskkurs for interpretasjon og vertskapskurs har vore innleigd doktor i kvartærgeologi Atle Nesje frå Universitetet i Bergen som også har utvikla ein formidlingsguide skriftleg på norsk og engelsk som turguidar kan nytte under guiding i naturen. Det er lagt vekt på både naturkvalitetar og kulturkvalitetar.

Det er utarbeidd populariserte hefte i formidling av natur og kulturfaglege emne basert på forskingslitteratur som ligg til grunn for vern av nasjonalparken. Interpretasjonen gjeld både randsoner med bygdene og sjølve nasjonalparken. Tema som er popularisert er landskapsutvikling, flora og fauna, kulturhistorie, friluftsliv og overleving mm.

Turleiarkursa har lagt vekt på sporfri ferdsel med interpretasjon, enkle friluftstradisjonar, overleving i naturen og kurs i sikkerheit med nvigasjon, kart og kompass, GPS, bivuakkar, vurdering av vær og tilhøve.

Det har vore avvikla førstehjelpskurs leia av Stryn Røde kors som har vore gratis for deltakarane der blant anna hjarte- og lungeredning har vore sentralt.

Det har vore kurs i sikkerheit med GPS, kart og kompass, vurdering av snø og skredfare, bygging av bivuakkar i vinterfjellet over ei veke.

Det er lagt vekt på både kvalifiserande sommarkurs og vinterkurs for turguidar slik at ein kan opprette heilårsarbeidsplassar.

I reiselivsgruppa har vore halde marknadsføringskurs gjennom diskusjonar og presentasjon av strategi for marknadsarbeid som til dømes at Innovasjon Norge og Fjord Norge har undersøkingar som viser at 59 % av våre gjester kjem pga personlege anbefalingar/direkte marknadsføringsføring og vi er difor avhengig av å levere kvalitet til våre gjester, eit ekte produkt basert på lokale tradisjonar. 29% av våre gjester får vi pga sosiale media og websider. Websidene er difor svært sentrale og er utvikla av profesjonelt selskap med lokal kunnskap.

#### **Utvikling av kart for heilårlege aktivitetar: Interaktiv kart**

Interaktivt kart med aktivitetar, attraksjonar, overnatting, naturområde, mm er utvikla og presentert på websidene. Her er med alle aktivitetar i nasjonalparkbygda, alle overnattingsstader, verneområde, randsoner med bygdesamfunn, skule, barnehage. Her kan ein finne sommar og vinteraktivitetar som skal fremme lysta til å besøke som turist eller flytte inn i nasjonalparkbygda.

#### **Heilårsprodukt og heilårsarbeidsplassar**

##### **Bulystprosjektet har kobla bedrifter, lokalbefolkning og etablerarar**

Gjennom bulystprosjektet har alle dei 39 nye turleiarane fått tilbod om å etablere eigne selskap med hjelp og rettleiing i korleis dei opprettar selskap på altinn, opprettar forsikring, mm.

For turleiarar som ønskjer å arbeide som arbeidstakarar er det oppretta avtale med Stryn Avløyssarlag som har forsikring for aktivitetane og driv direkte utlønning av turguidane. Jostedalsbreen Adventure har også eigen forsikring gjennom NHO Reiseliv men selskapet har ingen arbeidstakarar og er kun eit mellomselskap mellom påmelde deltakarar og innleige guidar som fungerer som eit risikoselskap for å verne andre bedrifter og arbeidstakarar som er turguidar.

Det er utvikla både sommar og vinterkatalog gjennom selskapet Jostedalsbreen Adventure med bl.a. desse aktivitetane som dei lokale turguidane kan leigast inn til:

Sommar:

- Vandring
- Guida kano
- Guida sykkel
- Fallossafari; Viking attraksjon frå år 800 i bygda ved Tunold

- Kyrkjefari med liten vandring og guiding om Oppstryn kyrkje
- Overnatting i bivuak/gapahuk med matlaging ute
- Lokale ville urter og baking av blomsterpizza på bål
- Matlaging og overnatting i lavvo
- Omsfyrte badestamp med botanisering av lokale ville urter for velvære ved brevatnet
- Velgjerande blomstermassasje i strandkanten av ville medisinske roande lokale urter
- Botanisering av urter som artisk ginseng, vikingane sine grønsaker og skrå, antidepressiva, helsefremmande ville urter: Matlaging og te i grua ved gapahukar
- Matsanking , overleving og matlaging i naturen

### **Vinter:**

Ski; Fjellski, nybyrjar, vidarekomne, bortover- og oppover- og nedoverski: Alle tilbod

Akematter og akebrett

Nattsafari vinter på truger

Truger dag

Skitur med identifisering av dyrespor og villfugl

Bivuak overnatting gapahuk vinter med matlaging på bål

Overnatting lavvo med matlaging

Hundespann

Alle produkta er samla i to katalogar som er vedlagt. Turleiarar kan bli innleigd gjennom eigne selskap eller som arbeidstakarar gjennom Stryn Avløyssarlag. Produkta er også presentert på dei nye websidene [www.jostedalsbreenadventure.com](http://www.jostedalsbreenadventure.com) og på interaktiv kart som er utvikla i prosjektet på websidene. Katalogane er trykt opp og distribuert på workshop, messer og lagt ut på campingplassar, hotel, turistinformasjonar og sendt ut ved epost og post.

Guidane vil i starten ha guiding som supplement vesentleg og etterkvart som produkttilslutninga veks vil det bli heilårsarbeidsplassar.

Vi ser på dei fleste 39 utdanna turleiarane i prosjektet som interesserte etablerarar i naturbaserte aktivitetar i bygda og dette er suksess for prosjektet.

### **Reiseliv overnatting**

Reiselivsgruppa i prosjektet som samla dei fleste overnattingsalternativ frå hotel, hytter, camping, hus på gardstun og bivuak har delteke i å lage beskrivelse til produktkatalog overnatting i nasjonalparkbygda som er vedlagt. Katalogen er trykt opp og distribuert på workshop, messer og lagt ut på campingplassar, hotel, turistinformasjonar og sendt ut ved epost og post.

Overnattingsbedriftene er med på dei nye websidene [www.jostedalsbreenadventure.com](http://www.jostedalsbreenadventure.com) og på interaktiv kart som er utvikla på websidene.

Overnattingsstadene i bygda er vesentleg kun utleigd sommarhalvåret og ved å arbeide med vinterturisme gjennom aktivitetar, vil vi hjelpe overnattingsbedriftene til betre inntening og heilårsarbeidsplassar ved hotel og hytter og gardshus.

### **Auka marknadsføring av nasjonalparkbygda**

Prosjektet har i tre år delteke på Innovasjon Norge og Fjord Norge sine internasjonale workshop for reiselivet og har hatt ein av dei mest populære stands og møteplassar og har hatt møte med over 70 ulike internasjonale turoperatørar på kvar workshop. Aktivitetane som er utvikla gjennom dette bulystprosjektet vekker internasjonal interesse.

Det er utvikla ein eigen marknadsplan for nasjonalparkbygda gjennom prosjektet som fremmer sal av aktivitetar, guiding, lokalmat, hus, hotel, hytter og rom. Det er viktig at nasjonalparkbygda framstår som eit samla produkt lett å finne fram til dei ulike element i.

Testing av produkt i marknadsaktivitetane har vore viktig. Her har vi nytta ulike turoperatørar, grupper, skuleelevar mm i aktivitetar i kreative aktivitetar som baking av blomsterpizza, urtebad i badestampen, formidlingsmetodar, hiking for større grupper, guida sykkel, kamosafari, urtebad i badestamp, velgjerande lokal urtemassasje, matlagning ute og overnatting i bivuak.

### **Sosiale media i marknadsføring**

Bulystprosjektet har hatt fleire møte med medialinja ved Høgskulen i Volda for å få inn profesjonelt firma utdanna ved høgskule i regionen til å lage websider for marknadsføring av nasjonalparkbygda.

Av teknisk sjef Høgskulen i Volda vart vi kobla med Chris- Håvard Berge som er utdanna ved HiVolda. Firmaet CHB Studios (Chris-Håvard Berge ENK) ble oppretta i 2010, og har de siste 5 årene levert ulike medieløsningar og produkter for norske kunder. Hovedfokus har lagt på webutvikling for kunder med behov for dynamiske løsningar med skreddersydd design. I tillegg har Chris-Håvard Berge drevet med fotografering og videoproduksjon både for dokumentasjon og liveproduksjon.

Chris-Håvard Berge startet medieutdanningen sin allerede på videregående skole i 2007-2010, og tok deretter bachelor i Media, IKT og Design ved Høgskulen i Volda.

Websidene ligg på [www.jostedalsbreenadventure.com](http://www.jostedalsbreenadventure.com) og blir etter oppretting handla direkte lokalt i Oppstryn ved bytte av foto, tekst mm..

I tillegg er aktivitetane på Facebook, twitter, youtube, mm.

### **Interaktiv kart- utvikling av kart for heilårlege aktivitetar**

Det er utvikla interaktiv kart for nasjonalparkbygda med blant anna følgjande søkekriteria:

- Aktivitetar
- Attraksjonar
- Overnatting

- Lokalmatbedrifter
- Verna område nasjonalparken, naturreservat mm
- Attraktive vandringar og naturområde
- Kulturattraksjonar
- DNT hytter
- Korleis reise hit frå ulike stader i verda

Både websider og interaktivt kart er saman med sosiale media framtidas medium for sal og marknadsføring.

### **Studieturar som grunnlag for utvikling av attraktive pakkar i reiselivet i nasjonalparkbygda**

Det er gjennomført studieturar med samarbeidsmøte:

- Lokalt og regionalt
- Nasjonalt
- Internasjonalt

Gjennom studieturane er det avvikla samarbeidsmøte og innhenta kompetanse og knytta kontaktar som har gjort at attraktive pakkar for aktivitetar for sporlaus ferdsel og friluftsluiv gjennom guida aktivitetar har vorte utvikla.

Studieturane har resultert i utvikling av:

- Kreativ marknadsføring
- Samarbeid lokalt og regionalt
- Aktivitetar
- Samarbeid i høve vinterdestinasjonar regionalt der ein kan leige utstyr og nytte ulike vinteranlegg ved ulike snø og værtihøve
- Samarbeid om utvikling av naturfestivalar sommar og vinter
- Samarbeid om tilskiping av ungdomsfestivalar med natur og kunnskap med naturorganisasjonar
- Nye aktivitetar populært i utlandet for ungdom vinter som aking på traktordekk
- Læring av korleis andre land handhevar og promoterer sporfri ferdsel ihht aktivitetar
- Gode kreative formidlingsmetodar
- Nye formidlingstema

Framfor alt har studieturane gitt oss mange idear om korleis nye arbeidsplassar kan skapast også gjennom regionalt samarbeid med etablering av nye små firma for interesserte etablerarar som kan arbeide i små nasjonalparkbygder med bookingsentral for aktivitetar, pakkeløysningar, transport, overnatting, lokalmatutvikling, mm. Jfr våre vedlegg om studieturar.

Studieturar har også medført auka trafikk til nasjonalparkbygda av både lokale og internasjonale grupper og delegasjonar

### **Nasjonalt seminar**



Det har vore avvikla nasjonalt seminar der deltaking var gratis og alle kunne melde eg på. Prosjektet la vekt på formidling av suksessfaktorar i utvikling av arbeidsplassar i naturen og det er utvikla ein guide ihht til dette som er vedlagt.

Innleiarar på samlinga var bl.a.:

Miljøverndepartementet

Innovasjon Norge

Sogn og Fjordane Fylkeskommune

NHO

Nasjonalparkstyret

Stryn kommune

Prosjektleder Bulyst ved nasjonalpark

Det var 145 deltakarar på samlinga der rasteplassar utvikla for nasjonalparken og planlagt gjennom bulystprosjektet vart offisielt opna.

### **Tilrettelegging rasteplassar**

Det har vore nytta planleggingsmidlar men ikkje byggemidlar til oppretting av rasteplassar.

Det er etablert 4 gapahukar i sirkel kring bål plass ved innfallsport nasjonalparken der det også er fiskevatn og badestrand og tilgang gratis toalett.

Det er ombygd gamle bruksbåtar til benkar og bord og med tilgang fri WC og parkering ved nasjonalparksenteret ved innfallsporten Fosdalen ved nasjonalparken.

Rasteplassane er fysisk etablert ved midlar utanom prosjektet gitt av stiftinga Jostedalsbreen Nasjonalparksenter.

Rasteplassane og tilgang WC mm er gratis bruk av og her er informasjon om naturen, aktivitetar, overnatting og gratis utstillingar og formidling ved Jostedalsbreen Nasjonalparksenter .

Det er ikkje nytta prosjektmidlar til fysisk etablering kun til planarbeid jamfør budsjett.

### **Meir tilgjengeleg nasjonalpark: Formidling av kunnskap som grunnlag for oppleving og guiding**

Mål for bulystprosjektet har vore blant anna at nasjonalparken skal bli meir tilgjengeleg gjennom at formidling av kunnskap skal gje grunnlag for gode opplevingar og arbeidsplassar for guidar i naturen. Dette er gjennomført-

### **Innflytting og tilbakeflytting til nasjonalparkbygda i prosjektperioden**

Totalt er det frå 2013 -2015 flytta inn 31 personar i nasjonalparkbygda som representerer ca 16% auke av befolkningen. Fleire av desse har gått inn i næringslivet og arbeider med overnatting,

aktivitetar, etablering og attraksjonar i bygda. Innflyttinga styrkar busetnaden, skule, barnehage og organisasjonsliv og gjer at nasjonalparkbygda får større bulyst/ blir ein betre stad å bu med fleire tilbod.

Jostedalsbreen Nasjonalparksenter har ikkje vidareformidla noko av tilskotsbeløpet til andre aktørar.

### **Målgrupper for prosjektet, når prosjektet frem til disse?**

#### **Bulyst for lokalbefolkningen:**

- Store deler av bygda har delteke i arbeidet gjennom ulike møte og gruppearbeid
- Kreativ bulyst kveld med musikk, poesi og kunst i samspel som samla over 100 personar
- Bulystdag for born og unge med gratis hundspannkøyring og aktivitetar i naturen, samla totalt kring 150 personar
- Middagskonsertar med lokal folkemusikk, informasjon og kulturinnslag
- Gratis konsert av Arve Henriksen
- Grunneigarane nasjonalparken sentrale i eiga gruppe
- Interesserte etablerarar i arbeid med naturaktivitetar/guiding: Ja, vi har fått kvalifisert 39 turleiarar som mange er private føretak
- Lokale reiselivsaktørar: Vi har samla store deler av reiselivsaktørane/overnattingsbedriftene frå nasjonalparkbygda Oppstryn i eigen manual som vi marknadsfører
- Grunneigarar: Vi har hatt mange med i grunneigargruppa som har planlagt og diskutert tiltak i randsona nasjonalparken
- Turisme: Vi har hatt stor interesse frå inn og utland frå turistgrupper og selskap som ønskjer å teste våre produkt
- Vi har hatt ei tilflytting i bygda på 16% eller 31 personar i prosjektperioden

#### **Resultat som er oppnådd i form av aktiviteter eller tiltak:**

- Produsert manual Adventure; Aktivitetar for guiding heile året
- Produsert manual for overnattingsstader i bygda
- Utdanna 29 nye turleiarar over 3 dagers kurs kvalifisert som Sommarturleiar på sti i samarbeid med Den norske Turistforening/ Indre Nordfjord Turlag
- Gjennomført språkkurs i engelsk over tre dagar for 29 turleiarar som gjerd ei istand til å drive formidling om naturen
- Gjennomført kurs i padling og redning frå kano for turleiarar
- Gjennomført kurs i høge sikkerheit for turleiarar
- Gjennomført ei vekes vinterturleiar kurs
- Gjennomført førstehjelpskurs
- Gjennomført vertskapskurs og marknadsføringskurs

- Gjennomført nasjonalt seminar og utvikla manual i oppretting av arbeidsplassar for nasjonalparkbygder
- Gjennomført lokale, regionale, nasjonale og internasjonale studieturar som har hatt relevans for eit styrka produkt heilårleg og medført stort kontaktnett

Prosjektet har gjennomført:

- Planlegging av rasteplassar i randsona av nasjonalparken som er finansiert og oppbygd utanom desse prosjektmidlane

Det har vore halde mange møte, vi nemner her nokre:

- Møte med Stryn kommune om sti ved strandlinja i Oppstryn for turistar som vil vitje kyrkja med omvisning ; Adventure på ein time; kyrkja som del av vår brehistorie
- Møte med tomtegruppe og funne aktuelle nye tomter for bygging av bustader i ei bygd der kommunen ikkje lenger kan tilby tomter
- Møte med grunneigarane i Erdalen om etablering av mange gapahukar etter gammalt mønster kring stor bål plass der også svake grupper kan møtast i naturen då det er privat bomveg hit. Vil bli brukt som del av produkt i bulyst for befolkninga og næring/ mjuke aktivitetar i naturen til samlingar, enkel overnatting, hausting i naturen med matlaging på bål.
- Møte med diverse grunneigarar for etablering av vandringer
- ;øte med organisasjoner og bedrifter og lokalpersonar

#### **Oppnådd:**

- Auke i befolkningen
- Styrke, sikre eller etablere arbeidsplasser
- Opprettholde/videreutvikle eksisterende virksomhet og bidra til nyetableringer
- Auka innovasjon
- Auka kompetanse (både realkompetanse (både realkompetanse og formalkompetanse) for målgruppen
- Auka tilgjengelighet Tilrettelegging randsonen nasjonalpark rasteplassar
- Gjort stedet/kommunen/området mer attraktivt som bosted eller lokaliseringssted for bedrifter?
- Gjort området meir attraktivt som reisemål?

#### **Vidareføring av prosjektet etter prosjektslutt:**

Bygda som ein stad for attraktiv heilårsturisme .Etter prosjektets slutt i 2015 skal Jostedalsbreen nasjonalparksenter vere motor og samlingstad i bygda og bygge vidare og opprettholde prosjektet som skal utviklast til å bli ein sentral stad i Norge og Skandinavia for ekte naturopplevingar som gir stadig fleire heilårsarbeidsplassar.